



Arkivnr: 2016/35026-2

Saksbehandlar: Bente Utne

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		11.01.2017
Fylkesutvalet		26.01.2017
Fylkestinget		07.03.2017

## Fylkesvegprosjekt i Kvinnherad – forskottering i framtidig Kvinnheradpakke

### Samandrag

I denne saka gjer fylkesrådmannen framlegg om at Kvinnherad kommune får forskottera 10 millionar kroner til to tiltak i ein framtidig Kvinnheradpakke. Kommunen har vedteke sak om Kvinnheradpakken 22.09.16, og bedt om oppstart av arbeidet med bompengesøknaden. I følgje framdriftsplan Statens vegvesen har utarbeidd tek ein sikte på å få lokalpolitisk godkjenning i løpet av første halvår 2017.

Kommunen ønskjer å få realisert i 2017 følgjande strakstiltak som er planlagt inn i pakken:

- Prosjektet Fv 48 Lundssvingane gjeld bygging av 700 meter gang og sykkelveg og utbetring av veg på ei svært uoversiktleg og trafikkfarleg strekning i tettbygd område.
- Rosendal kai/kollektivknutepunkt har også eit stort behov for oppgradering.

I søknaden har Kvinnherad kommune påtatt seg byggherreansvaret for tiltaka som er kostnadsrekna til 53 mill kr, eksklusive mva. Kompensasjonsmidlar utgjer 13 mill kr, og kommunalt bidrag 20 mill kr. I tillegg til HFk-løyving på 10 mill kr søker Kvinnherad kommune om å få forskottera dei siste 10 mill kr inn i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke. Kommunen er innforstått med risikoen dette medfører.

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusive mva. Kvinnherad kommune er byggherre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader.

Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.

2. Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.
3. Fylkestinget godkjenner forskotteringsøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskotteringa er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter. Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.

Kvinnherad kommune har risikoen dersom Kvinnheradpakken ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet finna anna finansiering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 16.12.2016

### Bakgrunn

Det er eit stort behov for, og ønskje om, opprustning av fylkesvegane i Kvinnherad. Vidare er det ei kjensgjerning at stadig færre større prosjekt blir realisert med reine fylkeskommunale midlar. Med eit aukande vedlikehaldsetterslep vil det i framtida blir endå mindre fylkeskommunale midlar til fylkesveg-investeringar.

Kommunen har tatt konsekvensen av dette, og starta for eit par år sidan ein prosess mellom Statens vegvesen, Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune med sikte på å få til ein vegpakke i kommunen.

I følge framdriftsplan som Statens vegvesen har utarbeidd tek ein sikte på å få lokalpolitisk godkjenning i løpet av første halvår 2017.

I tråd med dette har Kvinnherad kommunestyre den 22.09.16 gjort følgjande vedtak i sak om «Prioritering av prosjekt i Kvinnheradpakken» (vedlagt saka):

### **Vedtak frå Kommunestyret den 22.09.2016**

1. a.) *Kommunestyret sluttar seg til vedlagte prioriteringsliste for veg- og trafikksikringsarbeidet i kommunen.  
Tilrettelegging for mjuke trafikantar må tilleggas stor vekt i dei aktuelle prosjekta.  
Listene er delt opp etter kven som skal finansiera prosjekta.*  
b.) *Kommunedelplan Trafikksikring 2012-2020 skal vera førande for prioritering av trafikksikringsprosjekt.*
2. *Prioriteringsliste over prosjekt finansiert av kommunen og fylket vert grunnlag for drøftingar med fylkeskommunen siste halvår 2016. Dei øvrige uprioriterte prosjekt vert sendt attende for drøfting i arbeidsgruppa og for handsaming i kommunestyret.*
3. *Kommunestyret ber Statens Vegvesen utarbeide bompengesøknad for innkrevjing av bompengar på ferjesambanda Skånevik-Matre-Utåker, Ranavik-Skjersholmane, Fjelbergsambandet og utvida bompengenneinnkrevjing på Årsnes-Varaldsøy-Gjermundshamn. Prosjekt som skal finansierast av bompengar på dei ulike sambanda går fram av vedlegg. Kommunestyret ynskjer snarleg handsaming av bompengesøknaden i Stortinget. Inntil bompengesøknaden er godkjent av Stortinget ber kommunestyret om at ordførar og rådmann i samarbeid med fylkeskommunen får vurdert ulike modellar for forskotering, slik at ein kan få oppstart på dei aktuelle prosjekta så raskt som mogeleg.*
4. *Kommunestyret ber rådmannen syte for naudsynt framdrift og oppstart på vedtekne strakstiltak (Opsangervegen, Lundssvingane og Hellandskryssset) seinast våren 2017. Kommunestyret ber rådmannen prioritere arbeidet med kollektivknutepunkt i Rosendal med sikte på realisering i løpet av 2017.*
5. *Kommunestyret ber rådmannen utan opphald starta arbeidet med reguleringsplan for kote 70 Løfallstrand og reguleringsplan for nytt ferjestø på Skjelnesodden.*
6. *Kvinnherad kommune tek initiativ til å etablere pådrivarselskap for Fjelbergsambandet, og inviterer Hordaland fylkeskommune og Fjelberg bygdelag til å delta i selskapet.  
Varaordførar og rådmann representerer kommunen i selskapet.*
7. *Kommunestyret ber rådmannen innarbeide delfinansiering av trafikksikring Herøysund i budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.*

8. Vegkontoret vert oppmoda om å planlegge trafikkisikring i Herøysund i tråd med pkt. 7 i kommunestyret sitt vedtak den 28.04.16.

9. Kommunestyret ber Stortinget i samband med handsaming av ny Nasjonal Transportplan (NTP) syta for KVVU for arm til Bergen frå E134, herunder «Sunnhordlandsdiagonalen» og «Hordalandsdiagonalen». Kvinnherad kommune vil vurdere kommunal deltaking i realisering av «Sunnhordlandsdiagonalen» dersom Stortinget vedtek denne traseen for eventuell ny veg Bergen-E134.

#### **Vedtaket punkt 2 og 3 Bompengesøknad**

Fylkesrådmannen kan kort nemna at prosessen rundt bompengesøknaden er i god gang, gjennom møte mellom Statens vegvesen, Kvinnherad kommune og fylkeskommunen.

#### **Vedtaket punkt 4 Strakstiltak**

I vedtaket punkt 4 er følgjande «strakstiltak» som gjeld fylkesveg nemnt: «Lundssvingane», «Hellandskrysset» og «Rosendal kollektivknutepunkt». Kommunestyret ønskjer at Lundssvingane får oppstart seinast våren 2017, og at Rosendal kollektivknutepunkt vert realisert i løpet av 2017.

### **Strakstiltaka**

#### **Fv 48 Hellandskrysset, Husnes**

Opprustning av krysset mellom Fv 44 og Fv 48 Hellandskrysset er vedteke av fylkestinget gjennom budsjettvedtak for 2017 og vedtak av Plan- og byggeprogrammet for 2017. Tiltaket er finansiert gjennom kompensasjonsmidlar, med HFK/SVV som byggherre. HFK løyver meirverdiavgifta.

Prosjekta Fv 48 Lundssvingane, mellom Seimsfoss og Dimmelsvik, og Rosendal kai/kollektivknutepunkt er også tatt inn i Plan og byggeprogrammet for 2017. Prosjektet Lundssvingane har masseoverskot som er planlagt brukt i prosjektet Rosendal kai/kollektivknutepunkt. Det er dermed ein fordel at Kvinnherad kommune har påtatt seg å vera byggherre for begge tiltaka.

Utdrag frå vedteke Plan og byggeprogram for 2017:

#### **Strakstiltak i Kvinnherad**

*Kvinnherad kommune arbeider med fleire fylkesvegprosjekt som er tenkt finansiert delvis med kommunale, kompensasjons- og fylkesmidlar. Det er signalisert at fylkeskommunen kan bidra med total 10 mill. kr over 2017 og 2018 i tilskot til prosjekt kommunen er byggherre for. Prosjekta som kommunen kan prioritere er:*

#### **Fv 48 Lundssvingane, Kvinnherad**

*Kvinnherad kommune held på med prosjektering av ny veg forbi Lundsneset. Tiltaket er kostnadsrekna til 50 mill. kr. Kommunen går ut frå at løysinga kommunen no prosjekterer vil koste noko mindre enn dette. Arbeidet kan starte i 2017 og kommunen skal vere byggherre. Tiltaket skal i hovudsak finansierast med kompensasjonsmidlar. Det må skrivast ein finansieringsavtale der fylkeskommunen bidreg med tilskot.*

#### **Fv 48 Rosendal knutepunkt, Kvinnherad**

*Kvinnherad kommune prosjekterer no bussterminal på kaia i Rosendal. Kaien skal samstundes rustast opp. Kommunen skal være byggherre og det må avtalast eit tilskot knytt til bussløysingane på kaia.*

### **Søknad om forskottering**

Kvinnherad kommune søker i brev til Hordaland fylkeskommune av 13.12.16 (vedlagt saka) om å få forskottera 10 mill kr til desse to strakstiltaka. Refusjon er tenkt i den framtidige Kvinnheradpakken. Kommunen vil ha rett til refusjon av mva, og kommunen skisserar følgjande finansieringsplan:

<b>Finansiering:</b>	
Løyving frå Kvinnherad kommune	20 000 000
Kommunal forskottering i framtidig Kvinnheradpakke	10 000 000
Kompensasjonsmidlar	13 000 000
HFK-løyving 2017-18	10 000 000
<b>Sum finansiering ekskl. mva</b>	<b>53 000 000</b>

Kvinnherad kommune er innforstått med at den kommunale forskotteringa er kommunen sin risiko. Om det ikkje skulle bli noko av Kvinnheradpakken, må kommunen finna anna finansiering/dekka dette sjølv.

Kvinnherad kommune ansvarleg for eventuelle meirkostnader. Prosjektet Rosendal kai/kollektivknutepunkt kan avgrensast og for ein del tilpassast rammene i prosjektet. Eventuelle mindrekostnader bør såleis tilfalla kommunen.

Når bompengeselskapet har tatt opp lån/har fått inntekter, kan forskotteringa refunderast til kommunen. Forskotteringa er på vanlege vilkår utan kompensasjon for prisstigning og renter. Frå Hordaland fylkeskommune er det ein føresetnad at desse prosjekta har høg prioritet i bompengesøknaden om Kvinnheradpakken.

## **Fv 48 Lundssvingane**

### **Utdrag frå søknaden frå kommunen:**

**Prosjektet:** Prosjektet omfattar omlegging og utbetring av dagens Fv. 48 gjennom «Lundsneset», samt bygging av gang og sykkelveg. Vegen skal leggjast dels i ny trase og dels følgja eksisterande veglinje i nord og total lengd vert 700 meter inkludert tilpassing. Eksisterande veg er svært svingete og smal, og framstår som svært trafikkfarleg.

Ny fylkesveg vert bygd etter kriteria for H1 veg med kjørefeltbreidde på 3,0 meter, samt tilhøyrande gang og sykkelveg på 3,0 meter. I tillegg skal det etablerast to nye busslommer etter dagens standardkrav samt veglys. Eksisterande trase av fylkesvegen rundt Lundsneset er regulert som tilkomstveg til bustadfelt og naust/friområde med avkjørsle i sør. Ein del private avkjørsler vert også samla og lagt om i prosjektet.

Tiltaket har vore planlagt i lengre tid og vert gjennomført etter godkjent reguleringsplan vedteken 2010 samt byggeplan utarbeida av Norconsult As på vegne av Kvinnherad kommune i 2016.

**Kostnad:** Statens vegvesen gjennomførde i 2008 anslag på bakgrunn av reguleringsplan og kalkulerte då med ein kostnad på kr. 32.600,- eks mva per meter. Ut frå dagens kostnadsnivå, nye krav til gjennomføring og grunnundersøkingar grunna sjøfylling, har vi budsjettert med ein kostnad på kr 50.000 eks. mva per meter.

#### Kostnadsoverslag:

Kjøp av grunn og div. andre kostnadar	Kr 4 000 000
Ny veg og G/S veg m.m. kr 50.000 x 700 =	Kr 35 000 000
Samla prosjektkostnad eks. mva	<b><u>Kr 39 000 000</u></b>

#### **Framdrift**

Kvinnherad kommune har som mål at godkjent byggeplan føreligg i desember 2016, med godkjenning frå Statens vegvesen. Grunnforhandling med berørte grunneigarar er i gang og vil vera fullført i god tid før anleggstart. Prosjektet er planlagt utlyst i januar 2017 og med anleggstart mars 2017. Byggjetid 9 mnd.

## Rosendal kai/kollektivknutepunkt

### Utdrag frå søknaden frå kommunen:

**Behov:** I dag er det to bussar som korresponderer med snøggbåten frå/til Bergen, mot Odda og Husnes. Det er berre oppstillingsplass for ein, den andre stiller opp i til dels trafikkert område. I tillegg er det stor trafikk av privatbilar som hentar og bringar. Dette fører til uoversiktlege tilhøve der farlege situasjonar kan oppstå. Det er heller ikkje høve for bussar å snu i området, det næraste er busslomme ved Malmanger skule, ca 1 km unna. Prosjektet omfattar opparbeiding av snulomme med to bussoppstillingsplassar og 10 parkeringsplassar for taxi og «Kiss & ride».

For å oppnå nok areal er det nødvendig å fylla ut i sjøen, og i samband med det vil det bli etablert ny sjøfront frå noverande snøggbåtkai mot småbåthamna, ca 60 m. I tilknytning til kollektivknutepunktet vil det bli etablert eit terminalbygg på ca 100 m<sup>2</sup>. Bygget er tenkt å innehalda venteareal, oppbevaring, toalett og lager for snøggbåtoperatøren. Det er og ønskje om ein enkel kiosk.

Området er ein sentral del av Rosendal og er ein mykje nytta opphaldsplass både for fastbuande og tilreisande. Kollektivterminalen vil gje ein smidig overgang buss/båt for dei reisande. Dei ulike trafikkantgruppene vil bli skilt, og dette vil gje ein mykje tryggare trafikksituasjon enn i dag, spesielt for mjuke trafikantar.

**Kostnad:** Det er utarbeidd eit grovt kostnadsoverslag på grunnlag av planskisse utarbeidd av Rambøll AS på oppdrag frå Skyss. Kostnadsoverslaget er utarbeidd av prosjektavdelinga i Kvinnherad kommune på grunnlag av erfaringstal frå liknande anlegg.

Det er rekna med ein del masseutskifting og delvis heving av arealet. Fylling i sjø er tenkt avslutta med mur/plastring i naturstein. Opparbeiding av sjøfront med bryggje er tenkt i eit seinare byggetrin. Ein føreset å nytta disponible sprengsteinsmassar frå veganlegget i Lundsneset (Lundssvingane) for masseutskifting og fylling. Terminalbygget er kalkulert ut frå ca 100 m<sup>2</sup> med enkel standard og god materialkvalitet.

#### Kostnadsoverslag:

Kjøp av grunn	Kr 2 000 000
Opparbeiding av infrastruktur	Kr 9 500 000
Terminalbygg	Kr 2 500 000
Samla prosjektkostnad eks. mva	<u>Kr 14 000 000</u>

**Framdrift:** Utarbeiding av anbudsprosjekt vil bli gjort i løpet av vinteren og ein reknar med at arbeidet blir kontrahert til sommarferien 2017. Ferdigstilling av infrastruktur, busslomme, P-plassar mm. innan utgangen av 2017. Terminalbygg og parkmessig opparbeiding ferdig sommar 2018.

## Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen er positiv til tiltaka og arbeidet med Kvinnheradpakken. Når det er slik at vegsektoren er underfinansiert i forhold til dagens behov for tryggare og betre vegar, er vegpakkar – med bompengar – ofte einaste måten å få til oppgradering i rimeleg nær framtid. I Kvinnheradpakken vil kommunen gå inn med kommunale midlar og kompensasjonsmidlar for arbeidsgivaravgift.

I tillegg vert det lagt opp til bompengar på dei mest trafikkerte ferjestrekningane i og til kommunen. Det kan sjølv sagt diskuteras om omfanget på bompengar i Hordaland snart er høgt nok, men når alternativa til offentleg finansiering er som i dag, er dei fleste samde om at bompengepakkar er ei god løysing.

Gjennom vedtak av plan- og byggeprogrammet i fylkestinget 14. desember 2016 har HFK godkjent det fylkeskommunale bidraget på 10 mill kr for åra 2017-18. Dette vil vera ein del av HFK sitt bidrag til ein framtidig Kvinnheradpakke.

Dei to prosjekta som kommunen ønskjer å forskottera midlar til er etter fylkesrådmannen si vurdering gode tiltak. Rosendal kai/kollektivknutepunkt er også eit viktig prosjekt for reiselivet. Kvinnherad kommune vurderer å søkja på aktuelle stønadsordningar i samband med dette.

Ein vesentleg del av overskotsmassar frå «Lundssvingane» er tenkt nytta til etablering av fylling for ny kai/kollektivknutepunkt i Rosendal. Det er dermed viktig å samordna bygginga av prosjekta. Kvinnherad kommune har tatt på seg byggherreansvaret.

Fylkesrådmannen meiner prosjekta ville vore aktuelle for plan- og byggeprogrammet i dei komande åra også utan bompengar. Dette kan tilsei ein noko større andel i Kvinnheradpakken enn ein del andre bompengepakkar, i løpet av bompengeperioden.

Kvinnherad kommune tek risiko både for eventuelle meirkostnader, og for at bompengepakken blir realisert. For Hordaland fylkeskommune blir dermed bidraget begrensa til 10 mill kr.

Vedlegg:

Søknad om forskottering frå Kvinnherad kommune

Vedtak i Kvinnherad kommunestyre om Kvinnheradpakken